



Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6535 - 23/31018

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.04.2023

Ferdigattest for bustad og tilkomstveg - gbnr 1/294 Flatøy

Administrativt vedtak: Saknr: 422/23
Tiltakshavar: Maya Sudmann Våge og Alexander Sellevold
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gbnr 1/294, felles privat vass- og avløpsleidning og tilkomstveg.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, rammeløyve datert 01.12.2021, løyve til endra høgdeplassering datert 22.05.2022 og løyve til endra plassering av VA-leidningar datert 24.04.2023. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 24.04.2023.

Skildring

Bygningstiltak:	Einebustad, felles privat vass- og avløpsleidningar, tilkomstveg
Adresse:	Hjeltten 15
Bygningsnummer:	300975891
Bruksareal:	256 m ²
Avløp:	Kommunalt

Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6535

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alexander Sellevold	Hjeltten 50	5918	FREKHAUG
Maya Sudmann Jakobsen	Hjeltten 50	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------